
Saksnr: 2020/279-42
Saksbehandlar: Atle Skrede
Dato: 23.09.2020

Til: Hovudutval kultur, idrett og integrering
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Dagsturhytter i Vestland, etablering i tidlegare Hordaland-kommunar 2019-2022

Fellesnemnda vedtok i juni 2019 Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 - 2024. Jf tiltak 8 skal dagsturhytteprosjektet først vidare i alle kommunane i Vestland.

Dagsturhytta skal vere ei enkel hytte som skal vere open for turgåarar, der dei kan søkje ly, ete nista si og vere ein møteplass i lokalmiljøet. Dei er eit resultat av eit systematisk samarbeid mellom fylkeskommunen, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, BKK, kommunane og frivillige. Modellen er eit godt døme på korleis ein kan slå saman offentlege ressursar med private gåvemidlar og dugnad for å nå felles mål til beste for innbyggjarane. Innan 2022 er det til saman 54 dagsturhytter i heile Vestland fylke. [Les meir om prosjektet og om alle hyttene på dagsturhytta.no!](https://www.vestland.no/om-vestland/om-vestland-og-om-alle-hyttene-pa-dagsturhytta.no)

Finansiering

Hyttene vert finansiert med spelemidlar, fylkeskommunale og kommunale ressursar og ei gåve frå Sparebankstiftinga og BKK.

12. juni 2019 løyvde fylkestinget i Hordaland, jf PS28/19, kr 2 mill. til prosjekt «Dagsturhytter» i Hordaland. 30. august 2019 vedtok fylkesutvalet 30.08.2019 å slutte seg til ein skissert modell for prosjektet, samt at dei 2 mill. som vart løyvd for 2019 skulle nyttast til bygging av 10 hytter.

Fylkestinget i desember 2019 løyvde kr 2 mill. til arbeid med dagsturhytter i 2020. Den 13.2.20 vedtok Hovudutval for kultur, idrett og integrering i sak 19/2020 å løyve kr 200.000 til dagsturhytter i 4 kommunar. Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering fekk delegert mynde til å løyve resterande sum frå løyvinga for 2020, kr 1.200.000. Kommunane Tysnes, Osterøy, Voss, Eidfjord, Austevoll og Øygarden (Fjell) fekk tildeling.

Prosjektplanen avdekkar trong for vidare fylkeskommunale løyvingar for 2021, til saman kr 1.6 mill. Det kan bli behov for ytterlegare løyvingar i 2022 om kommunar som no, av ulike grunnar, har takka nei til å delta i prosjektet (inntil kr 1.4 mill).

Oppgradering av versjon 2.0 frå versjon 1.0 av dagsturhyttene

Dagsturhyttene som vert leverte i tidlegare Hordaland-kommunar, får fleire oppgraderingar. Det vert vedomn som varmekjelde, solcellepanel til leselys og opphaldslys, som aukar både varme og trivsel i hytta. I tillegg til sensorstyrte lyspunkt inne, vert det også etablert sensor-styrte lyspunkt ved inngangspartiet og under begge gapahukane. Der vert etablert skohylle for å halde orden på skoa, luke for hyttebok, fleire ventilar skal sikre betre luftgjennomstrøyming i hytta. I tillegg vert også det innvendige rommet auka med 1,5 kvadratmeter til 15 kvadratmeter og dører på begge utstyrslogera skal sikre både tørr ved og høve til å låse inn utstyr som tilsynsorganisasjonar måtte trenge på hyttene.

Framdrift etablering av dagsturhytter

Kommunane i tidlegare Hordaland arbeider godt med etablering av dagsturhytter. Det har blitt lagt ned mykje arbeid i informasjon om tiltaket til både innbyggjarar, politikarar, grunneigarar og organisasjonar. Fleire organisasjonar har vorte førespurde om å ha tilsyn med dagsturhytta og til å bistå med av-graving av tomt og arrondering etter at hytta er på plass. Stad Kystbygg AS i Stad kommune vann konkurransen om bygging, transport og montering av dagsturhytter. Prosjektet som heilskap er avhengig av at alle kommunane held seg til oppsett framdriftsplan. Det vert lagt opp til at tre hytter vert sendt på kvar båtlast og ved utflyging av desse hyttene, som er oppdelte i fire modular, vert samstundes det rekvirerte helikopteret nytta til utflyging av fundament til dei neste tre hyttene. Dette utfordrar kommunane. Det er stort sett lagt opp til politisk handsaming av tomteplassering, men i nokre tilfelle administrativ avgjerd. Stad Kystbygg held framdriftsplanen med ei veke utsetting. Det vert lagt opp til å plassere ut 12 hytter i løpet av 2020, tre hytter i januar 2021 og resten av hyttene utover i 2021 (sjå tabell).

Kontraktsgjering

Frist for signering av kontrakt er sett til 6 månader frå tidspunkt for levert tilbod 27. mars , altså 27.september. Fem tidlegare Hordalandskommunar har valt å avstå frå dagsturhytte-konseptet av ulike årsaker. Dette gjeld Askøy, Granvin, Sund, Øygarden og Bergen kommune.

Folkegåve frå BKK i høve 100 - års jubileet

I samband med 100-års markeringa til BKK (Bergenhalvøens Kommunale Kraftverk), har konsernet valt å gje 3 millionar til solcellepanel i dagsturhyttene i Vestland. Kr 50.000 til kvar hytte vert utbetalt via Vestland fylkeskommune. Kommunane har budsjettert med solcellepanel og midlane kan såleis nyttast til andre tiltak på hyttene som oppgradering av området rundt hytta, sanitæranlegget, oppgradering av sti og eller parkeringsplass. For allereie etablerte hytter i Sogn og Fjordane har 19 av 26 hytter solcellepanel og her vert det for desse kommunane å nytte midlane til andre tiltak.

Tur-bibliotek og formidling av kulturarv ved stiane og hyttene

Kommunane i tidlegare Hordaland må sjølv syte for å fylle turbiblioteka med bøker. Vestland fylkeskommune vil i samband med opninga gje eit utval nynorsk-bøker til kvar hytte. Det vert i tillegg arbeidd med å formidle kulturminne i området ved dagsturhyttene.

Framdriftsplan

Kommune, stad	Båtlast dato	Montering	Søkt fylkeskommunalt tilskot - utbetalt	Opning
Austrheim, Vardetangen	19.09.20	23.09.20	Ja, tildelt 2019, utbetalt	Medio okt. 20
Fedje, Aurihopen	19.09.20	22.09.20	Ja, tildelt 2019	Medio okt. 20
Masfjorden, Grøttneset	19.09.20	21.09.20	Ja, tildelt 2019	Medio okt. 20
Os, Borgafjell	15.10.20	18.10.20	Ja, tildelt 2019	?
Fusa, Vardehaugane	15.10.20	18.10.20	Ja, tildelt 2019	?
Bømlo, Barmane	15.10.20	18.10.20	Ja, tildelt 2019	?
Vaksdal, Tettaneset	12.11.20	15.11.20	Ja, tildelt 2019	?
Kvam, Krokavatnet	12.11.20	15.11.20	Ja, tildelt 2020 midlar	?
Samnanger, politisk vedtak utsett	12.11.20	15.11.20	Ja, tildelt 2020	?
Austevoll, Loddo	10.12.20	13.12.20	Ja, tildelt 2020 midlar, utbetalt	?
Sveio, Emberlandsnipen	10.12.20	13.12.20	Ja, tildelt 2019	?
Fjell, Larslivatnet	10.12.20	13.12.20	Ja, tildelt 2020 midlar	?
Meland, Eldsfjellet	Januar 2021	Januar 2021	Ja, tildelt 2019	?
Radøy, Byngjo	Januar 2021	Januar 2021	Ja, tildelt 2019	?
Lindås, Kolås fjellet	Januar 2021	Januar 2021	Nei	?
Fitjar	April 2021	April 2021	Nei	?
Tysnes	April 2021	April 2021	Ja, tildelt 2020 midlar	?
Etne	April 2021	April 2021	Ja, tildelt 2019 midlar	?
Kvinnherad	Mai 2021	Mai 2021	Ja, tildelt 2019 midlar	?

Voss	Mai 2021	Mai 2021	Ja, tildelt 2020 midlar	?
Odda	Haust 2021	Mai 2021	Ja, ikkje tildelt,	?
Jondal	Haust 2021	Haust 2021	Ja, ikkje tildelt	?
Ullensvang	Haust 2021	Haust 2021	Ja, ikkje tildelt	?
Eidfjord	Mai 2021	Mai 2021	Ja, tildelt 2020 midlar, utbetalt	?
Modalen	Juni 2021	Juni 2021	Nei	?
Stord	Juni 2021	Juni 2021	Ja, tildelt 2020 midlar	?
Osterøy	Juni 2021	Juni 2021	Nei	?
Ulvik	Haust 2021	Haust 2021	Nei	?
Øygarden (2 hytter i Sund og Øygarden)	Avstår frå deltaking i konseptet			
Bergen (3 hytter)	Avstår frå deltaking i konseptet			
Voss (Granvin)	Avstår frå deltaking i konseptet			
Askøy	Avstår frå deltaking i konseptet			

Dagsturhytter i Rogaland

Rogaland fylkeskommune skal i samarbeid med kommunane og SR-bank byggje 23 dagsturhytter. Dei har kjøpt rettane til designet som er nytta i Vestland fylkeskommune for kr 300.000. Desse midlane vert nytta til m.a. innkjøp av skilt til turløypene til alle dagsturhyttene i Hordaland.

Andre fylke har meldt si interesse og ser til Vestland for inspirasjon.